

**Åkra ungdomsskole 2011/2012**

Rektor:	Oddmund Paulsen	52811794
Undervisningsinspektør:	Berit Sandve	52811795
Undervisningsinspektør:	Kåre L. Sveinall	52811797
Undervisningsinspektør:	Espen Sellevold	52812295
Sosiallærer:	Hanne Reinlund Sæther	52811804
Rådgjevar:	Helge Kristiansen	52811806
Sentralbord/kontor:	Marit Helen Mannes	52811800
Vaktmeister:	Ole Johan Liknes	52811803

Elev: _____ Klasse: _____

Kontaktlærer: _____

Faglærarar:

Norsk: _____

Engelsk: _____

Matematikk: _____

Religion, livssyn og etikk: _____

Samfunnsfag: _____

Naturfag: _____

Kunst og handverk: _____

Musikk: _____

Kroppsøving: _____

Språk/språkleg fordjuping: _____

Utdrag frå Opplæringslova:

§1-1: "Skolen ... skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast."

§9a-1: "Alle elevar ...har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring."





ORDENSREGLAR

Ordensreglane er under revisjon. Vi skal ha med m.a. punkt som gjeld digital mobbing, bruk av sosiale medium og reaksjonsmåter frå skolen si side når nokon bryt ordensreglane.

Skolen skal vera ein arbeidsplass der alle kan finna seg til rette.

Ingen må utsetjast for fare eller urett, verken i arbeidsøkter eller fristunder.

Tilhøva på skolen skal gje grunnlag for trivsel og gode samværs- og arbeidsformer. Alle må få høve til å utvikla seg individuelt og i fellesskap.

Skolen er eit miljø der mange ulike menneske er samla på eit lite område. Difor er det viktig med visse reglar for omsyn, trivsel og samvær.

Som ei rettesnor må vi alle, i samsvar med lov og forskrift, prøva å gjere reglar gjeldande:

- 1.**
Elevane skal halda seg på skolen sitt område i skoletida. Midttimen disponerer elevane fritt.
- 2.**
Vi skal visa omsyn til og forståing for kvarandre, slik at ingen lir skade eller urett.
- 3.**
Vi skal alle fara fint med inventar, bøker og utstyr som tilhøyrer skolen, like eins privat eigedom.
- 4.**
Det skal ikkje brukast sykkel eller motorkjøretøy på skolen sitt område utanom avsette parkeringsplassar.
- 5.**
Elevane har ikkje lov til å røykja eller nyta rusmiddel på skoleområdet eller i nærleiken av skolen. Elevane har heller ikkje lov å ta med seg røykjesaker på skolen.
- 6.**
Elevar som ikkje rettar seg etter ordensreglane, vil bli irettesette. I særlege høve kan ein elev bli bortvist frå skolen i inntil 3 dagar. Rektor tek avgjerd etter å ha samrådd seg med lærarane til eleven.

